

## Klassene sine Facebook-grupper

Følgjande retningslinjer frå FAU skal liggje synleg ute på gruppene.

### Administrator

I kvar FB-gruppe skal klassekontaktene stå som administrator for si gruppe. Det betyr at rollene rullerer når nye føresette trer inn som nye klassekontakter. Endring av administrator skal skje umiddelbart etter at ny klassekontakt er valt. Kvar vår overfører altså avgåtte klassekontakter administrativ oppgåva til nestemann.

### Medlemmar

Gruppene er for føresette i den enkelte klasse. FAU stiller seg positive til at kontaktlærarar er medlemmar, fordi vi ser at det kan vere nyttig. Vi vil understreke at dette er frivilleg for kvar enkelt lærar.

### Gruppa sitt innhald:

- Hensikt med gruppene er å formidle relevant informasjon som gjeld skule, elev- og foreldregruppa.
- Kommersielt innhald skal ikkje publiserast
- Det skal ikkje delast bilete eller filmar av andre sitt born utan samtykke frå deira føresette. Det betyr at dersom du har tatt eit bilete med mange born under eit arrangement, må du spørre samtlege føresette av barn på biletet, og få løyve til å dele før du publiserer. Dersom du har filma under eit arrangement, må du spørre samtlege føresette av born i filmen og få løyve til å publisere. Dersom ikkje alle føresette av born på bildet eller i filmen seier ja, kan du ikkje publisere. FAU anbefalar å la vere å publisere bilete og film i desse gruppene.
- Negative innlegg og diskusjonar der enkeltelevlar, hendingar eller lærarar kan bli identifiserte skal ikkje førekomme i gruppene. Har du ei utfordring eller eit problem du føler du må ta tak i, gjer det i eit anna fora enn på klassa si FB-side.

### Sletting:

Dersom FAU sine retningslinjer vert brotne, er det administrator si oppgåve å slette innlegg. Administrator har mandat til å slette utan å informere avsendar først. Dei klassegrupper som allereie eksisterer, følgjer retningslinjene som nemnt over.